

**Fra:** "Kristoffer Krohn Sævre" <KS259@kyrkja.no>  
**Sendt:** onsdag 29. april 2026 09:41:03  
**Til:** "Tunsberg bispedømme" <tunsberg.bispedomme@kirken.no>  
**Kopi:** "Frøydis Stoveland Dekko" <froydisstoveland.dekko@bufetat.no>  
**Emne:** Høyringsrespons Prostistruktur - soknerådet i Leveld, Torpo og Ål

Hei. Soknerådet i Leveld, Torpo og Ål diskuterte prostistruktur i møtet 28. april 2026 og fatta fylgjande vedtak:

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 28.4.2026**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet ser det ikkje ynskjeleg eller hensiktsmessig å slå saman Ringerike og Hallingdal prosti. Soknerådet vedtek høyringsresponsen som presentert og ber kyrkjeverja formidle den til bispedømerådet innan fristen 1. mai.

Eg limer inn responsen i sin heilhet under.

Med venleg helsing,

#### **Kristoffer Krohn Sævre**

kyrkjeverje  
Ål kyrkje  
Tlf. 48441575



**DEN NORSKE KYRKJA**

*Meir himmel på jorda* | [www.aal.kyrkja.no](http://www.aal.kyrkja.no)

### **Høyring prostistruktur Tunsberg bispedømme april 2026**

[prostistruktur - høringsdokument.pdf](#)

Leveld, Torpo og Ål sokneråd har fylgjande respons til høyringa på prostistrukturen:

#### **1. Gitt beskrivelsen av prosti og prost i høringsdokumentet, hvilke forventninger har dere til prosten?**

Soknerådet forventer at prosten er leiar for prestetenesten og har personalansvar for prestane i prostiet, inkludert medarbeidarsamtaler, veiledning, koordinering og arbeidsfordeling, bidra til eit godt arbeidsmiljø m.m. Soknerådet ser det også tenleg at prosten er synleg til stades i prostiet og tek del i gudstenestelivet og større markeringar. Soknerådet ser det ynskjeleg at prosten er del av beredskapsansvaret i prostiet. Til sist ser soknerådet det tenleg at prosten tek del i fellelrådsmøtene.

**2. Ut fra gjennomgangen i høringsdokumentet, hva tenker dere er de viktigste hensynene å ta når en vurderer antall prostier og størrelsen til prostiene?**

I vårt prosti må geografiske avstandar spele inn i vurderinga. Det er 1,5 time å kome frå eine enden av prostiet til den andre, noko som påverkar prostens høve til å vere rundt regelmessig. Det er 2-2,5 time frå Hønefoss til Ål og Hol, noko som er ein betydeleg reiseveg og ein belastning for prosten viss ein ynskjer å vere tett på prestane han eller ho har ansvar for.

**3. Hvordan vil dere vurdere de alternativene i høringsdokumentet som angår dere?**

Soknerådet ser det ikkje ynskjeleg eller hensiktsmessig å slå saman Ringerike og Hallingdal. Hallingdal er det klart største prostiet i bispedømmet og bør bestå som eitt prosti. Ein samanslåing vil truleg medføre at prosten har sete i Hønefoss, der det er flest medarbeidarar, noko som vil bety at me vil sjå lite til prosten i Hallingdal. Det vil vere urealistisk for ein prost å gjere seg kjent med alle lokale forhold i såpass mange sokn og kommunar. Det er ikkje god personalforvaltning at prestane vil få ein leiar dei vil sjå lite til, og det er ikkje berekraftig at ein prost i Ringerike skal vere på reise til Hallingdal så mykje som arbeidet og behovet tilseier.

**4. Er det alternativer som ikke er beskrevet, men som dere mener vil være bedre løsninger, og eventuelt hvorfor?**

Viss ein vurderer det slik at talet på prestar tilseier at prostestillinga i Hallingdal ikkje forsvarer ein full stilling, så er vår anbefaling at prostestillinga definerast som ein delstilling (50-75%) og at resterande prestestilling definerast som utadretta presteteneste. I praksis vil det ha liten betydning forutan eit signal om å redusere ein administrativ leiarrolle og samtidig formidle eit ynskje om at prosten skal prioritere presteteneste og kyrkjelyd som del av kvardagen.

**5. Hva skal til for at eventuelle endringer i prostistrukturen skal bli vellykket og hva tenker dere om vedlagte risikovurderinger?**

Når økonomi er i vurderinga må bispedømmet minne seg sjølv på at det er dyrt å miste gode folk – rotasjon og vakanser koster mykje. Å legge opp til ei løysing som vil tære på både prost og prestar i prostiet er dyrare enn lønnsutgiftene ein sparer på kort sikt.

**6. Har dere andre merknader eller kommentarer til høringsdokumentet?**